



Heimane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1956 - 15/2677

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

05.02.2015

## Innbyding til foreldresamtale

**Tid : NB! - med rom for klassevise tilpassingar!**

Torsdag 12.februar 1700 - 2100

Mandag 16. februar 1700 - 2100

**Samtalemøtet er ei munnleg halvårsvurdering og skal:**

- styrke kontakten mellom heim og skule og gi god informasjon om korleis eleven arbeider dagleg og om korleis eleven foreldre og skule kan vere med å betre eleven sitt læringsutbyte
- vere eit ledd i undervegsvurderinga av eleven som
  - gir informasjon om kva eleven skal lære (kompetansemål)
  - gir tilbakemelding på arbeid, læring, orden og åtferd
  - fortel om eleven sin kompetanse i faga
  - gir rettleiing om kva eleven må gjere for å nå nye læringsmål
- konkludere med ein avtale om vidare arbeid for å nå realistiske lærings og kompetansemål møtedeltakarane vert samde om og forpliktar seg på å arbeide mot
- viser veg vidare framover mot det eleven skal lære
- **Dersom** de ynskjer å snakke med andre lærarar enn norsk-, matematikk-og engelsklæraren er de snille å skrive det på svarslippen så vil lærar ta kontakt med dykk.

Vel møtt til halvårssamtale !

Arne Riisnes, rektor

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



## Til foreldre/ føresette

### Vel møtt til halvårssamtale!

Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlærar om korleis eleven arbeider til dagleg og eleven sin kompetanse i faga. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skulen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven.

**Tidsplanlegginga:** Kontaktlærarane har lagt opp til at familien får gjennomført samtale sine på ein kveld. Kontaktlærarane våre er også faglærarar i andre klassar, men dei prioriterer eigen klasse. Alle faglærarar har skrive ei vurdering av eleven i fag. Kontaktlærar vil formidle denne informasjonen og ta tilbakemelding. Dersom det likevel er behov for eller ynskje om å snakke med ein faglærar, er lærarane i basisfaga på skulen desse kveldane. Plakat viser kvar du finn den einskilde. Ikkje ver redde for å spørje! Samtaletida er sett til 30 min. Vi vonar alle gjer sitt til at tidsplanen kan overhaldast.

### Sosial kompetanse

Lova slår m.a. fast at *Opplæringa i skule skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell forankring... bygd på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk tradisjon...og utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet...*

I tråd med dette vil vi drøfte eleven si faglege og sosiale utvikling. Det er ein føresetnad for eit konstruktivt møte at foreldre og barn har snakka saman og gjort si eiga vurdering av utviklinga sidan sist.

### Hovudpersonen

i samtalen er eleven. Vi oppmodar alle partar om å skape ein trygg og konstruktiv atmosfære i møtet. Møtet skal gi tilbakemelding på læringsarbeidet til eleven, men det skal og gi framovermeldingar som kan vise eleven den vidare læringsvegen. I fellesskap skal møtet leggje planar for eleven si utvikling og læringsutbyte vidare. Kontaktlærar har informert elevane om kva som er tema på samtalemøtet og oppmoda eleven til sjølv å vere aktiv i møtet. Skulen oppmodar alle foreldra/ føresette til å motivere barna sine til å ta aktivt del i samtalen.

Ostereidet, 05.02.15

Arne Riisnes, rektor

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Heimane